

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

## **Høring - NOU 2010: 7 Mangfold og mestring - Flerspråklige barn, unge og voksne i opplæringsystemet**

Høgskulen i Bergen meiner at framstillinga i NOU 2010: 7 gir eit grundig og dekkande bilde av situasjonen. Tiltaka som er tilrådd av utvalet gir eit godt grunnlag for å løyse eksisterande og komande utfordringar og problem, og vi har ikkje mange vesentlege innvendingar mot framlegga til tiltak. Særleg forteneestefullt og nyttig er det etter vårt syn at dokumentet ser ut til å ta heile spennet i alder og heile spekteret i opplæringsystemet på alvor, og legg til grunn det fleirkulturelle som normalsituasjon. Høgskulen i Bergen håpar at det vil vere mogleg å realisere det meste av det føreslåtte, m.a. ein mindre alternativ praksisdel i grunnskulelærerutdanninga 1.-7. trinn. Høgskulen undrar seg likevel litt over utvalets forslag om å framleis halde på tospråkleg faglærerutdanning (kap. 13), då det etter vårt syn vil vere betre å få flest mogleg til å starte på grunnskulelærerutdanning. Særleg gjeld dette dei som ønskjer å arbeide innanfor 5.-10. trinn. Innanfor grunnskulelærerutdanninga bør det slik sett vurderast å legge morsmålsfag og morsmålsdidaktikk inn i den valfrie delen. Vidare stiller vi også spørsmål ved utvalets forslag om å legge inn krav til kompetanse i eksempelvis norsk som andrespråk og flerspråklegheit (kap. 20), då ein i grunnskulelærerutdanninga, særleg dei som er retta inn mot 5.-10. klassetrinn, ikkje nødvendigvis treng å ha norsk som ein del av fagporteføljen. Samtidig er det innan forskrifter og rammeplanar klare føringar om at det flerspråklege og fleirkulturelle skal ha ein viktig plass. Det er noko anna enn å innføre kompetansekrav.

Med helsing

  
Bjørg Kristin Selvik  
dekan

  
Håvard Ulstein  
seniorkonsulent